



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1356 - 18/26853

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.09.2018

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Saka gjeld klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av naust på gbnr 174/24.

Kommunen av slo i administrativt vedtak saknr 370/18 datert, 17.07.2018, søknaden. Søkjar klaga på avslaget i skriv datert 26.07.2018. Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.08.2018, der det vart fatta følgjande vedtak:

«Plan- og miljøutvalet tek klagen til følgje og gir dispensasjon i saka. Det vert dispensert frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og frå plan og bygningslovens § 1-8, byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø. Det vert gitt løyve til å byggja naust på Gnr./Bnr. 174/24.

Naustetomta er den siste som er ubyggd i området men ligg i forlenging av eit etablert nausteområde og etablering av naust vil av den grunn ikkje skapa presedens. Tomta ligg slik at det ikkje er naudsynt med sprenging eller andre naturingrep for å setja opp naust. Ei utbygging og meir aktiv bruk av denne tomta vil gjere tilkomsten til strandlinja meir tilrettelagt. Grunneigaren har allereie tatt del i opparbeiding av veg og parkering ned mot naustetomta, og auka bruk av sjøtomta vil auke motivasjonen for tilrettelegging og vedlikehald av tilkomst for ålmenta til strandlinja. Tomta vert allereie brukt til båtfeste, og bygging av eit lite naust vil ikkje vesentleg auke privatiseringa av strandlinja og dermed setje omsynet som ligg bak føresegna vesentleg til side.

Tiltaket vil bidra til vedlikehald og etablering av veg og stiar noko som styrkar natur- og friluftsføremålet, og vil derfor ikkje sette LNF-føremålet vesentleg til sides.

Ut frå ei samla vudering ser utvalget at føremonane for ålmenta er klart større enn ulempene ved å gi løyve til oppføring av naust på den omsøkte naustetomta.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 50 00.

Alle dokumenta i saka ligg tilgjengeleg [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Kart

Teikningar

Ortofoto og bilde

Søknad om dispensasjon - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Begrunning for dispensasjonssøknad/skyldskifte

Kart oig bilde

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl § 1-8 for etablering av naust til uttale - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Ortofoto 2015 gbnr 174-24

Oversiktskart kommuneplan gbnr 174-24

Oversending av søknad for handsaming etter særlov - gbnr 17424 Totland (Seim)

Oversiktskart ortofoto 2015 avkjøring frå fv 401

Orientering om innsending av tilleggsdokumentasjon - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Tilleggsdokument - gbnr 174/24 Totland

Vedlegg 1

Vedlegg 2

Uttale til etablering av naust - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Uttale til dispensasjon - naust - Fv. 401 - gbnr 174/24 Totland

Tilleggsdokumentasjon - gbnr 174/24 Totland (Seim)

maleri naust 054

maleri naust 055

Vedlegg:

maleri naust 056
maleri naust 057
maleri naust 053
maleri naust 052
maleri naust 050
maleri naust 049
maleri naust 044
maleri naust 039
maleri naust 040
maleri naust 059
maleri naust 061
maleri naust 062
maleri naust 012

Uttale frå planavdelinga - søknad om dispensasjon til etablering av naust på gbnr 174/24, Totland

Førebels svar - Avkøyrslø - Fv. 401 - gbnr. 174/24 - Totland (Seim)

Avslag på søknad om oppføring av naust - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Spørsmål vedr avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av naust - samt søknad om forlenga klagefrist på saka - gbnr 174/24 Totland

klage på vedtak naust

Svar på førespurnad som gjeld avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 174/24 Totland

Kopi til:

Ivar Hopland

Risåsen 9

5912

SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen